

Grønt lys for viktig AFA-prosjekt

27.04.2011



I dag starta planeringa av næringsarealet til AFA

Den 18. april gav kommunen igangsetjingsløyve for AFA til planering av det 1,5 dekar store området nedafor Endregård som Tor Eik selde sist sommar.

I dag har Sverre Myklebust Maskinstasjon starta planeringa og dermed er eit nytt stort kapitel starta i historia til denne viktige verksemda.

Planeringa av området er kombinert med opparbeiding av ein ny strekning med gang- og sykkelveg som Statens Vegvesen har sluttet seg til Det gjeld 100 meter frå den noverande overgangen og fram til oppkjøringa til Endregård og dei andre oppsittarane i området. Nå kan ein lenge planlagt felles oppkjøring bli realisert.

Langs heile den nye strekninga med gang- og sykkelveg vil det bli laga ein flott mur i klasse A. Det er den finaste steinmuren som vegvesenet opererer med, opplyser dagleg leiar for AFA Tor Vidar Sæle. Dette første steget i prosjektet vil Myklebust ha fullført til ferien i juni. Kalkylen lyder på rundt regna 900.000 kroner.

Sæle ser det som nå skal skje som eit viktig ledd i trafikk-løysinga for sentrumsområdet i Uskedalen. I kommunedelplanen er gang- og sykkelvegen ført heilt fram til krysset med Sandavegen, men det er neppe eit realistisk prosjekt førebels.

Sæle meiner derimot at det i første omgang er realistisk å lage eit nytt, opphøgd gangfelt i endepunktet for den nye gang- og sykkelvegen slik at ein fangar inn trafikken frå skuleområdet.

Når det gjeld det nye næringsarealet vil det bli teken i bruk til lagerområde omgående, men det skal og byggjast der og dei vidare planane vil i nær framtid bli presentert for kommunen. Men byggjing blir det truleg ikkje før neste år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Her kjem det ny gang- og sykkelveg.